



Det nærmast kryr av veteranbåtar på Stord no om dagen. Festivalen FØR-NO utfaldar seg og det gjer også MS Granvin, MF Skånevik, SK Seladon og Stord 1. Kvinnherad får ikkje så mykje del i veteranskipsfesten, men ei lita trøyst kjem sundag føremiddag.

Då lovar veteranskipentusiast Harald Sætre frå Uskedalen at Stord 1 (biletet)skal passera gjennom Storsundet ved 10.30-tida.

Men det er berre tale om ei passering - den flotte båten legg ikkje til kai hos oss. Det gjer han først når han kjem til Skålakaien i Rosendal.

Her i Uskedalen har forresten Kristian Bringedal og Birger Myklebust i gang ein aksjon for teikning av medlemskap i Veteranskipslaget Fjordabåten og der står naturleg nok Stord 1 sentralt. Det kostar 300 kroner eller 250 hvis du er pensjonist.